

KONTAKTBLAD FOR
Nr.20 Okt. 1995 6.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG

Bli sjølv med på å skrive historie

Sjå side 3

Vil du lage
logo for
Hjartdal
historielag
?



Har du gløymt å betale medlemspengane ?
Ny betalingslapp skal ligge i dette bladet !



VEL OVERSTÅTT

Frigjeringsjubileet er gjennomført og komiteen kan seie seg vel fornøgd med dei ulike arrangementa og prosjekta.

Det er på sin plass å gratulere primus motor - Svein Vettle Trae med alt som nå er vel overstått.

Alle andre som på ein eller annan måte tok del i dette store og omfattande arrangementet fortener stor takk for innsatsen.

HHL's bokprosjekt saman med Trae ser også ut til å vere på trygg grunn økonomisk. "Skriften på veggjen" ser ut til å ha selt bra nok til at produksjonsutgiftene er dekt. Nå er vel også störstedelen av salget over, men ved ein PR-innslas til hausten og julesalget skulle det vere mulig med eit visst overskot på prosjektet. Som kjent deler HHL og forfattaren etter avtale overskotet på boksalget.

Omsider er det altså blitt kjent kva som var hjartdalsbygdene rolle under krigen. Kanskje har kunnskapen om lokale forhold hjelpt oss til ei djupare forståing av kva dei større historiske hendingane verkeleg dreide seg om. Militært og sivilt motstandsarbeid på lokalplanet sett i samanheng med planar og styring frå sentralt hald var forutsetninga for at demokratiet blei redda gjennom den største krisa det har opplevd i vårt land og store delar av verda.


HJARTDALS ELDSTE FORMANNSKAPS-PROTOKOLLAR

Alf Mostue viser seg stadig som ein svært nyttig person for HHL. Han har i sommar arbeidd med å skrive av den aller eldste formannskapsprotokollen til Hjartdal kommune. Dette er eit svært vanskeleg arbeid, da handskrifter frå den tida er vanskeleg å tolke. Dessutan viser det seg at blekket i desse bøkene er på veg til å gå i oppløysing, slik at vi held på å miste siste mulighet til å få tolka desse grunnleggande skriftene i Hjartdals historie. Det er dermed eit uvurderleg redningsarbeid Mostue driv her.

Det var i 1837 det lokale sjølvstyret kom i gang her i landet i omlag den formen vi har nå. At bygdene skulle velge sine "formenn" dvs. den tidas kommunestyrerepresentantar, flytte mykje av den politiske makta på lokalplanet over frå embetsverket til lokalsamfunnet.

Dette førde med seg større interesse for politikk mellom bygdefolk/bønder, og vi fekk i neste omgang ei stor gruppe bønder inn på stortingen,

med leiarar som Ole Gabriel Ueland og Søren Jaabæk.
Første ordføraren i Hjartdal var G.



Bolkesjø, (kommunen omfatta også Gransherad fram til 1859). Han var ein av desse nye bondepolikarane som kom inn på stortinget. I potokollen står det i referatet frå møtet 19. Januar 1839:

"Dernæst foretages Valg paa Viceordfører, hvilket Formannskabet ansaa sig nødsaget til paa Grund af at den virkelige Ordfører er valgt til Representant til forestaaende Ordentlige Storting, og Vice-Ordføreren ovenmeldte Suspensjon og hvor Valg havde saadant Udfald at Christian Halvorsen Jore valg-tes med 6 stemmer til Vice-Ordfører."

NYTT I SAMLINGA:

Ingunn Hovde frå Tuddal skreiv for nokre år sidan ei oppgåve ved DH i Bø om Tuddal Forbruksforeining - korleis tuddølane utvikla seg frå sjølvforsynte fjellbønder til aksjeeigarar og foreningskundar. Hovudvekta er lagt på etableringa og dei første åra med foreininga.

Anne Hytta frå Sauland har skreve prosjektoppgave på folkeusikk-studiet i Rauland. Denne handlar om folkeleg musikk i Sauland frå ca 1930 til vår eiga tid.

Begge oppgåvene er kopiert til HHL-samlinga og kan lånast av intereserte medlemmer

Alf Mostue har sent oss mellom anna kopiar av nokre skriv i samband med kyrkjene i Sauland. Mellom papira er eit eksemplar av an-budsutlysinga ved bygginga av nåverande kyrkje.

Mostue har også gått igjennom aviser frå 1890-åra og skreve av mellom anna artiklar om ein ungdomsskule som blei starta i Sauland og om ungdomsforeninger (ungdomslag) som blei starta både i Sauland og i Gvammen:

Hjartdal Historielag - nå med eigen datamaskin



Historielaget har etter mange år med lån av datamaskin frå skulen og frå private nå skaffa seg sin eigen. Med økonomisk stønad frå her og der (banken, mållaget og Hjartdal museumslag) og ein god slump frå Tilla og Oles legat, har vi finansiert innkjøp av ein bærbar 486-DX-2 PC.

Vi fekk som kjent 20.000 frå Tilla og Oles legat i 1993. Vi skaffa oss ein bra kassettbandopptakar, og hadde likevel over halve beløpet ubrukt. Vi tenkte da som så at det er rett å setje desse pengane i konkrete og nytige ting, heller enn å la dei gå inn i den vanlege drifta og ikkje bli "synlege" for ettertida.

Det er svært mange bruksområde for ein datamaskin innan vårt fag. Bladet du les i nå

er det mest nærliggande eksempelet. Det blir produsert på dataskjermen før det blir kopiert til alle medlemmene.

Alt historisk stoff vi samlar inn blir registrert på data, slik at ein kan produsere oversiktlege innhaltslister alfabetisk, etter emne osv. Sjå kontaktblad nr 7.

Det vanlege styrearbeidet med referat, innkallingar og annan brevskriving er eit anna arbeidsområde for maskinen.

Det som er kanskje er mindre kjent er at ei mengd med historisk stoff etterkvart blir å få tak i dataformat. I framtida vil nok folketeljingslister og kyrkjebøker kunne takast fram på skjermen, slik at ein lett kan leite opp ting, og ein vil kunne skrive ut opplysningane i den form ein vil ha dei. 1801-folketeljinga har vore

tilgjengeleg slik i fleire år alt, og meir kjem etterkvart.

Slektsgranskasar har lenge hatt svært effektive program. Desse er slik laga, at etter at namn og familietilknytingar er førde inn, kan maskinen setje opp slektstavler, anelister, skrive heile slektsbøker, finne slektsforhold og lage alle slags aktuelle skjema. Den som har aldri så lite kjennskap til data, f. eks. kan litt tekstbehandling vil fort lære seg å bruke eit slikt program, så dette tar vi eit kurs i dersom det er interesse for det.

At vi gjorde alvor av handelen

netttopp i vinter kom seg sjølvsagt av bokprosjektet i samband med frigjeringsjubileet. Vi kunne ved hjelp av datamaskinen gjere "Sriften på veggen" så og seie ferdig til trykking heime på skrivebordet, og på denne måten få ned produksjonsutgiftene til over-kommeleg nivå.

Med dette ligg vegen open for framtidige bokprosjekt fra Hjartdal historielag. Ei årbok burde vere nærliggande å få til nå. Vi treng bare nokre eldsjeler til å dra arbeidet i gang.

Kva med eit slagord ?

HJARTDAL HISTORIELAG:

**Vi arbeider
i nåtida
med fortida
for framtida**

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 10.3.1995 PÅ NORDBØ PENSJONAT

Møtet blei halde i trivelege lokale, men dessverre med få deltagarar. 12 personar møtte. Møteleiar var formannen Torkel Hytta. Det blei servert kaffe og karbonadesmørbrød. Innkalling var sendt medlemmene i form av kontaktblad nr. 18.

- Sak nr.: 6/1995 **ÅRSMELDING**
Godkjent etter at den blei referert og kommentert av formann og sekretær
- 7/1995 **REGNSKAP**
Godkjent etter at det blei referert og kommentert av sekretæren, da kasseraren ikkje kunne møte.
- 8/1995 **VALG**
Resultatet var i tråd med valgkommiteens innstilling:

Formann: Torkel Hytta (På valg neste år)
Nestformann: Ivar T. Dahl (Gjenvalgt)
Sekretær: Leif Skoje (Gjenvalgt)
Kasserar: Torkjel Tjønn (På valg neste år)
Styremedlem: Hans Skeie (På valg neste år)
Styremedlem: Tora Nordbø (Ny)
Vara: Astrid Nirsrud Våle, Anne Tone Larsen, Astrid Espelid
Valgkomite: Ola H. Særsland, Finn Birger Andersen
- 9/1995 **EVENTUELTT**
a: Etter forslag frå sekretæren blei kontingenenten auka frå 30 til 50 kr frå og med 1995. Eit forslag på 100 kr blei nedstemt.
b: Ein enkel teikning av ein stavkyrkjeportal blir førebels brukt som logo for historielaget etter sekretærens arbeid med saka. Nå blei det vedtatt å utlyse konkurranse mellom medlemmene for å få fleire forslag til logo. Hermed er medlemmene gjort kjent med dette.
Forslag med grunnjeving skal sendast formannen, - Torkel Hytta innan 31. desember 1995. Styret vil opprette ein upartisk jury til å kåre ein eventuell vinnar straks over nyttår.
- 10/1995 **FRIGJERINGSJUBILEET 1945-1995**
Svein Vetle Trae heldt eit fyldig lysbildekåseri om krigen og motstandsarbeidet i distriktet. Dette blei også knytt til arbeidet med boka om krigen og motstandsarbeidet i distriktet.

Torkel Hytta (Formann)

Leif Skoje (Sekretær)

Minneoppgave for eldre

Dette er namnet på eit prosjekt som dei to institusjonane **Norsk etnologisk gransking** og **Institutt for kulturstudier ved Universitetet i Oslo** innbyr alle eldre til å vere med på.

Det går ut på å få så mange som mulig av dei som er fødd før 1930 til å skrive ned livsminne. Dette er tidlegare gjort i 1964 og 1981.

Dersom nokon vil vere med på dette så er det bare å ta kontakt med historielaget. Vi har eit hefte med rettleiing og gode råd, som vi lånar ut til dei som tenker på å prøve. Elles tar laget seg av innsending og eventuelle andre praktiske ting.

Desverre er vi seint ute med å gjere dette kjent. Det skal helst vere ferdig 15.januar 1996.

Enten du skriv mykje eller lite så er det interessant. Og du treng ikkje ha opplevd dei store og dramatiske tinga for å delta. Det er ikkje minst kvarldagen som skal skildrast ved denne anledningen.

Kontakt Torkel Hytta (350-23 150) eller Leif Skoje (350-23 011)

PRØV DEG SOM INNSAMLAR !



Hugs at du som medlem kan låne kassettbandopptakaren til HHL dersom du har idear om ting som bør sikrast for ettertida.

Maskinen er nå ledig etter mykje bruk i samband med "Skriften på veggen".

Vi vil gjerne ha det du tar opp til historielagssamlinga, men sjølvsagt må du også ha din eigen kopi. Slikt som mellom anna historiar, segner, songar, musikk og dialekt-eksempel er ting vi gjerne vi ha.

Du får ein rask instruksjon i bruken av maskinen desom det trengst. Kontakt Leif Skoje (350 23 011)

HEDDAL MØLLE

HHL har frå 1994 samarbeidd med Museumstenesta for Aust-Telemark om idear til å gjere noko ut av Heddal mølle. Vi ser heile området rundt Omnesfossen som eit svært interessant historisk område i kommunen, og gav i 1992 ut eit eige kontaktblad om dette. Hovudarbeidet til nå har vore å la ein arkitekt foreta ei skikkeleg oppmåling og teikning av bygget, - altså ein grunnleggande dokumentasjon av kva mølla er i dag og kva ho kan vere å satse på.

Dette kosta ein god del pengar. Men vi søkte og fekk midlar frå ein stiftelse i Oslo, som yter pengar til kulturformål. Slik har ikkje arbeidet kosta HHL noko av eigne midlar.

Med dette kan vi vise til eit konkret

arbeid, som nå er ein dokumentasjon av møllebygget i lagets eige.


Ein del idear om bruk av mølla har vi også arbeidd med, utan at vi går i detalj om dei her.

Vi har elles nå bestemt oss for å legge arbeidet på is. For ikkje lenge sidan har vi fått vite at det er andre, private interesser som har søkt eigaren - Notodden kommune om å få pusse opp mølla og bruke ho for lengre tid framover. Det er ikkje ønskeleg for oss å konkurrere om mølla. Ut frå vårt interesseområde meiner vi da i staden å kunne be Notodden kommune stille visse vilkår overfor leigaren. F.eks. må dei vernemessige sidene ved bygget og området bli sikra ved ei evt. langtidsutleie eller salg av bygget.



Omnesfossen måla av
Hans Gude i 1859

HJARTDAL HISTORIELAG



Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND

Tlf.: 350 23 150

Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND

Tlf.: 350 23 011

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank:

Kontonr.: 2699 07 04332

*Kontaktblad for
Hjart-dal Historielag
blir laga av
Sekretæren i HHL.*

*Bladet blir sendt alle
medlemmer -
deriblant ein del
institusjonar.*

*Det er tillatt å bruke
og kopiere stoff fra
bladet, men oppgje
kjelde!*

Vi vil gjerne at med-

*Bladet er utforma ved hjelp av EDB-
programmet MS-Publisher 2.0*